

ÅRSMELDING FOR ØRSTA KYRKJELYD 2025



*Kyrkjelydsmøte i kyrkja
22. mars 2026*

ÅRSMELDING 2025

Ørsta sokneråd

I 2025 har soknerådet følgjande medlemmer:

Anders Digernes – leiar
Kirsten Ose – nestleiar
Bjørn Erik Sørheim
Astrid Kristine Øyehaug Moe - referent
Kjetil Årøen
Svein Vatne
Gudny Fagerhol
Veronica Skogström Bigset
Sokneprest Arne Moltubak
Øyvind Roger Halse er 1. vara og møter fast på møta.

Dei andre vararepresentantane som vert kalla inn ved høve er:
Jostein Bjarne Bjørdal, Merethe Qvenild Loe, Ove Egil Opsal.

Medlemar til Ørsta kyrkjelege fellesråd er Anders Digernes og Kirsten Ose. Vara er: Svein Vatne og Astrid Kristin Øyehaug Moe.

Soknerådet har ikkje tilsett sekretær. Astrid Kristine Øyehaug Moe har føre referat til protokollen. Soknerådet sitt arbeidsutval har vore: Leiar, nestleiar, referent og sokneprest.

For soknerådet er Kirsten Ose knytt opp til **Kirkens Nødhjelp**.
Kontakt for **Kirkens SOS** er Kjetil Årøen, til **Misjonsprosjektet (NMS)** er det Astrid Kristine Øyehaug Moe og til **Bibelselskapet** er Øyvind Roger Halse.

Utanom dette er det òg Trusopplæringsutval, der Svein Vatne og Bjørn Erik Sørheim er medlemmar saman med ein representant for kvart av dei andre to råda.

Soknerådsmøte i 2025

7 soknerådsmøte vart halde i 2025, i tillegg til kyrkjelydsmøte med årsmelding.

Soknerådet handsama 31 saker i året som gjekk.

Mellom anna vart dette handsama:

- Prinsipp for gudstenestearbeidet, gudsteneste- og offerliste, trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk
- Markering av fastetida
- Økonomi, rekneskap og gjevarteneste
- Nytt lydanlegg i Ørsta kyrkje

I tillegg ei rekkje med meir praktiske arrangement

- Kyrkjelydsmøte med Årsmelding
- Kransing av bautaen 17. mai, Julegrantenning, konfirmasjonane (praktiske oppgåver)
- Julegudsteneste, friluftsgudsteneste fleire stadar
- Bispevisitas i 2026
- Plassering av gammalt skåp gitt i gåve

Tal frå Ørsta sokneråd sin rekneskap 2025

Rekneskapen for 2025 viser eit meirforbruk (underskot) på kr 35.046,21 som vert å trekkje frå soknerådet sitt disposisjonsfond.

Disposisjonsfondet utgjer kr 354 384,53.

Etter at disponering av meirforbruk (underskot) i 2025 er vedteke, blir saldoen på disposisjonsfondet kr 319 338,32.

Atterhald om at rekneskapen ikkje er revidert.

Revidert rekneskap for 2025 vil bli tilgjengeleg på kyrkjekontoret så snart den ligg føre.

Andre aktivitetar i kyrkja/kyrkjekontoret 2025

Y's men har hatt 4 av sine møter i Undervisningssalen, 1. måndag i månaden.

Ørsta kyrkjekor var i full sving, med kantor Marie Austrheim Riise som dirigent. Dei har fast øvingsdag kvar onsdag kl.19-21.

Det er plass til fleire songarar og veldig fint om du vil bli med.

Statistikk 2025

Årstal	2021	2022	2023	2024	2025
Døypte	64	93	62	77	77
-bur i Ørsta sokn	57	86	51	68	60
-Busette i soknet, døypt annan stad	8	5	3	7	17
Konfirmerte	75	110	99	107	108
Vigslar	6	9	11	10	5
- forbønn ved borgarleg vigsel	0	1	0	0	0
Gravferder	76	64	74	67	52
Innmeldingar	4	7	6	15	5
Utmeldingar	23	26	1	18	21
Gudstenester søn- og helgedagar (utanom søn-og helgedagar)	57 (24)	69 (13)	63 (23)	62 (38)	64 (37)
- deltakarar søn- og helgedagar	3159	8137	7800	7278	8936
- deltakarar utanom søn..	(2066)	(1807)	(2423)	(4472)	(2433)
- deltakarar pr gudsteneste søn/helgedag	55	118	124	117	140
- deltakarar pr gudst totalt	65	121	119	118	113
Frivillige (estimerte tal)	46	161	384	538	672



Gudstenestearbeidet 2025

Frå statistikken ser vi at det vart halde 64 gudstenester på søn- og helgedagar i soknet, mot 62 i 2024. Totalt var det 8936 deltakarar på dei 64 gudstenestene. Dette gir eit snitt på 140 deltakarar pr gudstenestene. For 2024 var tala 7278 på 62 gudstenester, noko som gav eit snitt på 117. Vi ser altså ein oppgang frå i fjor både i deltakarar totalt og prosentvis deltaking pr gudsteneste.

Nattverddeltaking

Det vart halde 50 (2024: 44) gudstenester med nattverd. Totalt gjekk 2010 personar til nattverd i 2025 (snitt: 40), medan 1973 gjekk til nattverd i 2024 (snitt: 45). Nedgangen i gjennomsnitt kan delvis forklarast med at det i 2025 var morgonmesse med nattverd kvar onsdag gjennom heile året. I 2024 vart det morgonmesser berre på hausten. Ser ein bort frå tala for dei ti morgonmessene i 2025 og dei 4 morgonmessene hausten 2024 vert gjennomsnittet 47 nattverddeltakarar pr gudstenestene med nattverd for både 2024 og 2025.

Påske

På gudstenesta palmesøndag var det 227 deltakarar (2 dåp og barnekora GLØD og MiniGLØD), mot 295 i 2024 (3 dåp og barnekora GLØD og MiniGLØD). Skjærtorsdag var det 89 deltakarar i 2025, mot 67 i 2024. Langfredag var det 41 i 2025, mot 55 i 2024. Påskennatt var det 115 deltakarar i 2025, mot 89 i 2024. Påskedag var det 179 deltakarar i 2025 (3 dåp), mot 152 i 2024 (3 dåp). Totalt på dei fem gudstenestene i påska var det i 2025 651 deltakarar, mot 658 i 2024.

Helgetorsdag og pinse

Helgetorsdag var det kveldsgudsteneste med 26 deltakarar, mot 16 i 2024. Første pinsedag var det 168 framømte (5 dåp), mot 97 i 2024 (2 dåp).

Jul og nyttår

Julaftan var det tre gudstenester med totalt 900 deltakarar 977 (977 i 2024). På juleotta første juledag var det 51 deltakarar (47 i 2024). På høgmessa første juledag var det 53 deltakarar (62 i 2024). Nyttårsaftan var det 46 deltakarar (31 i 2024).

Friluftsgudstenester

Det var friluftsgudstenester både ved Hovdevatnet 2. pinsedag (56 deltakarar mot 84 i 2024), fellesgudsteneste på Bondalseidet i mai (92 mot 115 i 2024), festspelgudsteneste i Aasentunet (186 mot 132 i 2024), i Grøvika (27 mot 42 i 2024) og på Brudevollen på Olsok (115 mot 182 i 2024).

Livspust

Det vart gjennomført tre Livspust-gudstenester i 2025 med totalt 360 deltakarar (snitt120). I 2024 var det fire slike gudstenester med totalt 517 deltakarar (snitt 129).

Regnbogemesse

Regnbogemesse i samband med Bygdepride vart arrangert 8. mai. Her var det 76 deltakarar, mot 81 i 2024.

Morgonmesse

Det vart arrangert morgonmesse med nattverd kvar første onsdag i månaden. Dette er ei enkel morgonmesse med staben og nokre få trufaste deltakarar. I 2025 var det ti slike gudstenester med totalt 123 deltakarar, eit snitt på 12.

Gudstenester knytt til kyrkjeleg undervisning og læring

Mange av tiltaka innan kyrkjeleg undervisning og læring er knytt til ei gudstenestene. I 2025 var det gudstenester knytt til tårnagenthelg, utdeling av bok til 4-, 6- og 10-åringar, palmesøndag, lysmesse og to presentasjonsgudstenester. Totalt på desse åtte gudstenestene var det 1669 deltakarar (snitt: 208). Tilsvarende tal for 2024 var 1709 deltakarar på 8 gudstenester (snitt: 213)

Konfirmasjonsgudstenester

I 2025 var det ti konfirmasjonsgudstenester med til saman 2106 deltakarar (snitt: 210) mot åtte gudstenester med 2131 deltakarar (snitt: 266) i 2024.

Søndagsskule

Det var fem søndagsskulesamlingar i kyrkjekjellaren våren 2025 med til saman 26 deltakarar. Hausten 2025 var det ikkje søndagsskule.

Kyrkjekaffi og kløkkartenesta

Kyrkjekaffi vart også i 2025 arrangert ved hjelp av konfirmanntforeldre. Dette er ei ordning som stort ser ut til å fungere godt. Som oftast er kyrkjekaffien oppe i kyrkjerommet. Det var ikkje kyrkjekaffi i tida utanfor konfirmantåret. Dette er noko ein kunne tatt tak i for framtida.

Klokkarfunksjonen i gudstenestene vart også i 2025 dekt av frivillige. Det er framleis eit ønske å auke talet på frivillige i denne tenesta.

Utblikk

Det er svært gledeleg å sjå at det etter ein marginal nedgang i 2024 totalt er ei auke i både antal deltakarar og deltakarar pr gudsteneste i 2025. Denne utviklinga samsvarar også med tendensar frå andre stadar i landet. Det er vanskeleg å peike på konkrete årsakar til auke og det er heller ingen type gudsteneste som utmerkar seg med spesielt stor auke. Det vert spanande å sjå om utviklinga held fram også i 2026.

Ørsta sokneråd har vedtatt “Ungdom” som satsingsområdet for 2026 og 2027. Det er naturleg at dette også påverkar arbeidet med gudstenesta, anten i form av eigne gudstenester for ungdom eller eit målretta arbeid for å inkludere ungdom i dei eksisterande gudstenestene.

Kyrkjeleg undervisning og læring 2025

I 2024 Vedtok kyrkjemøtet ny plan for undervisning og læring. Sjølv om planen framleis er under bearbeiding er den allereie tatt i bruk som ein rammeplan. Med denne planen omgrepet "Trusopplæring" endra til "Kyrkjeleg Undervisning og Læring (KUL)". Den nye planen skal inspirere råd, tilsette og frivillige til vidare undervisningsarbeid i kyrkja. Kyrkja skal legge til rette for livslang undervisning og læring som motivere til kreativitet, aktiv deltaking i, samt medvirkning til kyrkja sine trus-praksisar, kultur og tradisjonar og økt kunnskap om bibelens tekstar.

I den nye planen er kyrkjeleg undervisning i første omgang oppdelt i fire rammer: 0-5år, 6-12år, Rammeplan for konfirmasjonstid og 13- 19år.

Trusopplæringsverktøyet som vart før brukt til all rapportering av trusopplæringsarbeid vart fasa ut i 2025. Alt av arbeidet i KUL skal rapporterast i verktøyet "Kyrkja Vår" i lag med alt anna av kyrkjeleg arbeid. Frå 2025 er det fire tiltak som vert nøkkeltal i rapporteringa: 4årsbok, 6årsbok, Tårnagenthelg og Lys Vaken.



Babysong i ørsta kyrkje.

0-5år: I 2025 har Ørsta sokn gitt tilbod om babysong, faddergåver til 1, 2 og 3-års dåpsdag, 4-årshelg med undretur/bokutdeling og "Kirkekerottokino" for 5 åringer. Det har vore auke i deltaking på dei fleste av desse tiltaka. 4-årshelga er det mest populære tiltaket vi tilbyr. Babysong har hatt lav oppslutning. Likevel har det vore fine møter og gode møteplassar for småbarnsfamiliar og vi held fram med tilbodet.

6-12år: Det har vore bokutdeling til 6-åringar i eiga gudsteneste, "Lyset og Livet" for 7 åringer knytt til lysmesse og palmesøndag. Vidare har det vore Tårnagenthelg med bu-heime leir for 8-åringar, kyrkjekino for 9-åringar og utdeling av boka "Tidslinja" til 10-åringar. Det har og vore fleire forsøk på å gjennomføre Lys Vaken som har enda med filmvising pga lave påmeldingstal. Aldersgruppa 6-12 synes å vere utfordrande. Fleire gongar har kyrkjelege opplegg måtte vike for store idrettsarrangement. Vi prøver å få til eit samarbeid for å unngå kollisjon.

Konfirmasjonstid:

Også i 2025 sparka vi konfirmantåret i gang med "Avspark!" på Sæbø. Konfirmantane har fått undervisningstimar i åtte ulike tema gjennom året. Dei tek og del i gudstenestelivet som klokkar og deltaking på sjølvvalde gudstenester. Konfirmantleir vart gjennomført i 2025 med 2 overnattingsdøgn på Sunnmøre Folkehøgskule, utført med hjelp av frivillige ungdoms- og vaksenleiarar og føresette som nattevakter. Konfirmantane i Ørsta kyrkje tok del i sponsørløp og samla inn kr. 27000 til NMS sitt arbeid, Lovsongsheimen i Bangkok, Thailand. Årets fasteaksjon i 2025 der konfirmantar gjekk frå dør til dør med bøsse og Vippshefter resulterte i kr. 77392. 10 konfirmasjonsgudstenester vart gjennomført, 5 av desse var klassevis, dei 5 andre private seremoniar for einskildkonfirmantar. 108 konfirmantar vart konfirmerte. 2 av desse bur ikkje i soknet, men har lokal tilknytning og ønskte å konfirmere seg i Ørsta kyrkje.

13- 19år:

Dei siste åra har det vore litt vanskeleg å rekruttere nye ungdomsleiarar. Likevel er det fleire unge som har vore leiarar i fleire år som kjem tilbake og er medarbeidarar på leir. Dette er ei glede, og noko vi vil satse på vidare.

I 2025 vart det starta opp KRIK. Det er ei gruppe med ungdom med ulik kyrkjeleg bakgrunn som trenar i Ørstahallen 8 laurdagar. Oppmøte var varierende og vi er usikre på korleis dette vil gå vidare.



Barnehage- kyrkje samarbeid:

Alle barnehagane var med på påskevandring/sansesamling før påske. Det vart barnehagegudsteneste i kyrkja for alle barnehagane tidleg i desember.

Skule- kyrkje samarbeid:

Skulegudstenester med dramatisering om påske for 1.-4.kl. frå fire sentrumsskular.

Adventsgudsteneste tidleg i desember for alle barneskulane og ungdomsskulen.

Vegen vidare:

Ørsta sokneråd vil sette fokus på ungdomsarbeid og har sett “ungdom” som satsingsområde for 2026. Dette samsvarer med planen i kyrkjeleg undervisning og satsingsområde nasjonalt og i bispedømet.

Diakoni 2025



Diakonien bidreg særleg til den sosiale berekrafta i lokalsamfunnet. Arbeidet retar seg mot menneske som opplever utanforskap, einsemd eller sårbare livssituasjonar, og legg til rette for møteplassar, fellesskap og deltaking. Slik er diakonien med på å fremje berekraftsmål knytt til mindre ulikskap, god livskvalitet og inkluderande lokalsamfunn.

Fellesskap:

Aktivitetane nedanfor er alle opne for alle som vil og som bur i Ørsta kommune og nærliggande område.

Føremiddagstreff

Føremiddagstreffa vart starta opp igjen i 2024, i samarbeid med Ørsta Frikyrkje og Ørsta Indremisjon. Dette ein open plass for alle som ønsker ein stad å møtast på dagtid i Ørsta, inkludert pensjonistar, uføre, arbeidsledige, heimeverande, foreldre i permisjon med små barn o.s.v. Vi har ein del spel, lego, og leiker tilgjengeleg for barn. Vi oppfordrar deltakarane til å ha med handarbeid og vi lagar til små hobbypakker som dei kan kjøpe og lage ting av mens dei er der. I 2025 var det tolv vellykka møter, med eit gjennomsnittleg frammøte på 20 personar per møte.

Språkkafé

Den internasjonale språkkaféen har blitt svært populært blant innvandrarakar. Samtidig treng vi framleis fleire nordmenn og andre som snakkar norsk. Formålet med språkkaféen er å tale norsk saman, hjelpe flyktningane med lekser dei får frå ordinær norsk opplæring, samt å gi dei hjelp med diverse praktiske gjeremål som utfylling av skjema, orientering om det norske samfunnet, korleis delta i ulike fritidsaktivitetar, osv.

I 2025 vart han arrangert kvart torsdag på kyrkjekontoret frå kl. 18:00 til kl.20:00, med unntak av sommarferien samt nasjonal- og heilagdagar. Språkkaféen har hatt meir enn 53 registrerte deltakarar som har delteke på samlingane etter høve. Deltakargruppa har bestått av norske og utanlandske deltakarar, noko som er avgjerande for at innvandrarakar skal få høve til å utvikle ferdigheiter i å forstå og bruke norsk språk.



Andre møteplassar

Kafétreff på Alti og Svendsen garden. Rundt dei fem siste månader i 2025 var mindre grupper av eldre frå Ørsta, Hjørundfjord og Vartdal sokn invitert til kafétreff på Alti og på Fru Svendsen kunst og kultur kafé på fredag ein gang i månaden. Desse treffa har ikkje vore annonsert i avisa. Formålet har vore å kunne møtast til hyggeleg samvær på ein av kaféane i Ørsta og snakke saman. Det var ikkje så mange som deltok, ofte mindre enn sju eldre, men dei som kom hadde ei god stund saman.

Kransebinding

I 2025 arrangerte Ørsta Kyrkjelege Fellesråd ei kransebindingsaktivitet som samla deltakarar rundt praktisk handarbeid, tradisjon og fellesskap. Kransebinding har ei lang kulturhistorisk forankring, der den ringforma kransen – utan byrjing og slutt – symboliserer det evige og liv som held fram.

Kransar har gjennom tidene hatt ei viktig rolle både ved gravferder og ved festlege høve, som uttrykk for minne, respekt, feiring og dekor. Aktiviteten gav deltakarane høve til å ta del i ein levande tradisjon og kulturarv som bind generasjonar saman og skaper eit konkret møte med historia.

Gjennom bruk av greiner, mose, kvistar og bær utvikla deltakarane både estetisk sans og praktiske handverksferdigheiter. I ein kvardag prega av masseproduksjon og høgt tempo, fungerte kransebindinga som ei roleg og meningsfull motvekt, med rom for kreativitet og samvær.

Bruk av lokale naturmateriale synleggjorde også ei miljømedviten tilnærming, der deltakarane fekk innsikt i berekraftig bruk av ressursar og heile prosessen frå hausting til ferdig produkt.

Samlinga skapte eit sosialt fellesskap rundt bordet, med rom for samtale, deling og glede. Aktiviteten bidrog til styrkt samhald og gav deltakarane høve til å bli betre kjende med kvarandre i ei uformell og inkluderande ramme.

Besøks- og omsorgsteneste

Våren 2025 vart institusjonsandakter haldne kvar veke (unntatt i feriane), og om lag ein gong i månaden på Aktivitetssenteret Bakk-Ola Marka. Frå hausten 2025 har institusjonsandaktene, grunna ressurssituasjonen blant prestane, blitt haldne annankvar veka. Diakonen kombinerer ofte andaktene med besøksteneste, spesielt til dei som treng personleg besøk. Elles besøker diakonen regelmessig eldre som bur heime åleine.

Telefonsamtalar har blitt ein enkel og effektiv måte å komme i kontakt med folk på, og dette har diakonen brukt aktivt for å nå flest mogleg eldre i lokalsamfunnet vårt. Telefonen gir høve til å ta kontakt med nye personar, og oftare enn ved fysiske møte. Diakonen mottar gjerne tips om folk som kan ha nytte av ei telefonkontakt, eller eit fysisk besøk.

Etterlatne blei inviterte til helgemessegudsteneste med minning av død, også i 2025. Det var god deltaking og mange som møtte opp for å minnes sine kjære.

Som medeigar i Kirkens SOS, Møre og Romsdal, er denne diakonale, døgnopne telefontenesta, ein del av Ørsta kyrkjelyd sitt omsorgstilbod for dei som treng nokon å snakke med. Fleire frivillige trengst til telefon- og/eller chattevakter til kontora i Ålesund og Myrvåg.

Internasjonal diakoni

Ørsta kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt i Thailand er eit samarbeid med Det norske misjonsselskap (NMS) og Den evangelisk-lutherske kyrkja i Thailand (ELCT). Den årlege Misjonsmessa vart halden på kulturhuset i Ørsta i november, med eit totalbeløp på 57609 kroner. Kyrkjelyden er utfordra til å kjøpe eller donere gevinstar til denne aktiviteten!

Fasteaksjonen – sjå Kyrkjeleg undervisning og læring.

Det er også innvandrarar som søker hjelp av diakonen til diverse praktiske problem, inkludert hjelp med å finne bustad.

Diakonen si deltaking i barn og ungdomsarbeidet

I arbeidet med barn og ungdomar har diakonen spesielt peika på den viktige rolla kyrkja vår har i samfunnet når det gjeld å ta vare på naturen og miljøet og våre medmenneske.

Søndagstankar

I turnus med prestane skriv diakonen søndagstankar i Møre Nytt kvar fjerde fredag. Mange lesarar av Møre Nytt har gitt gode tilbakemeldingar noko som tyder på at søndagstankane vert lest og sett pris på.

Grøn kyrkjelyd og Berekraftsmåla

Ørsta kyrkjelyd har sidan 2014 vore Grøn kyrkjelyd, med felles handlingsplan; saman med Vartdal- og Hjørundfjord kyrkjelydar sidan 2017. Grøn kyrkjelyd tar eit tydeleg ansvar for skaparverket, medmennesket og framtida. Arbeidet er forankra i kristent forvaltaransvar og i FN sine berekraftsmål.

Gjennom gudstenesteliv, undervisning og praktiske tiltak arbeider kyrkjelyden for meir miljøvenlege val, ansvarleg forbruk og redusert ressursbruk. Samstundes vert berekraft forstått i ein brie samanheng, der sosial rettferd, inkluderande og fellesskap er sentrale verdiar.

Diakonien utfordrar kyrkjelyden til å tenke grundig på følgande spørsmåla: Korleis kan diakonien støtte arbeidet med å oppnå meir berekraftsmåla i vår kyrkjelyd? Korleis kan vi saman oppretthalde det lokale og det globale engasjementet? Prioriterer vi «riktig» i den lokale diakonien? Ser vi etter dei mest marginaliserte og sårbare i vårt samfunn? Ser vi på alle menneskjer som ein ressurs?

Takk til alle som har vore med å bære fram diakonien gjennom dette året! Lat oss ta diakonien med i alt arbeid i kyrkja, som ei grunnleggjande haldning og ein måte å leve på, som formar kyrkjelyden, i bøn og i arbeid.

Kyrkjemusikk



Marie Austrheim Riise, kantor i 100% stilling.
John Inge Leira Bjøringsøy, organist i 60 % stillin



Kved opp, Guds folk, syng høgt i kor!

Musikken i gudstenesta er ein kommunikasjon med fleire dimensjonar. Gud møter oss gjennom musikken for å gi oss Ordet og Anden, som skaper tru, von og kjærleik. Vi vender oss til Gud når kroppen, stemma og instrumenta vi har tek del i bøn og lovprising..» (Plan for kyrkjemusikk).

Gudstenester

I Ørsta sokn tek kyrkjemusikarane del i både planlegging av gudstenester og i arbeidet med å hente inn lokale musikk-krefter, i samarbeid med prestar og andre tilsette.

I Ørsta har vi ein lang tradisjon på å utfordre kor, musikarar og solistar til å ta del i gudstenestene. Nokre gudstenester utmerkar seg som særskilte viktige å hente inn eksterne musikk-krefter til: konfirmasjon, høgtidsdagar og når det er dåp. Også livspust-gudstenestene er eit kyrkjemusikalsk satsingsområde med stor vekt på det musikalske, der ein involverer bandmusikarar og songarar.

Livspust – ei messe for heile livet.

Det er svært gledeleg å sjå at dette er ei gudsteneste som famnar breidt både i kyrkjelyden og i lokalsamfunnet elles. Gudstenesta har eit stort fokus på musikk med band og god lyd! Det er lagt ned eit stort arbeid i førebuing, øving og gjennomføring av gudstenester. Tilbakemeldingane frå kyrkjelyden og frå dei frammøtte er svært gode, og det kan sjå ut som vi har funne ei god form på gudstenesta. Breidde og kvalitet er eit overordna mål for det musikalske arbeidet. Det er viktig å halde fram det gode arbeidet som er lagt ned i dette tilbodet, med stor kvalitet i både opplegg, musikk og musikarar.

Kyrkjemusikk og trusopplæring

I arbeidet med konfirmantar har kyrkjemusikarane eit særleg ansvar for musikkgruppene på konfirmantleir. Alle som vil kan melde seg på i musikkgruppa på leir og konfirmantane vert oppfordra til å ha med eigne instrument på konfirmantleiren. På SUFH har vi tilgang til eit svært godt bandrom med mange instrument tilgjengelege og PA-utstyr, noko som gjer dette arbeidet både enklare og kjekkare! Konfirmantane får musisere i lag og dersom dei ynskjer det får dei vere med å spele på gudstenesta på leir. Svært kjekt er det at ungdomsleiarar som er musikarar ivrar for å vere med å bidra i musikkgruppa på leir!

Kyrkjemusikarane tek også del i førebuing og gjennomføring av skulegudstenester gjennom året. Dei er også med på trusopplæringstiltak som lys vaken, tårnagent, undretur og utdeling av 4-års bok for å nemne nokre arrangement.

Samarbeid med kulturskulen: Det er viktig å ha god kontakt og eit godt samarbeid med den kommunale kulturskulen. I 2025 tok mange kulturskuleborn del ved skulegudstenester i kyrkjene våre. Involvering av kulturskuleelevar i skulegudstenester er svært positivt på alle måtar. Borna får prøve seg som solistar og får kjenne på både meistring og musikkglede. Det har vore svært mange positive tilbakemeldingar både frå lærarar og elevar. Eit anna døme på samarbeid med kulturskulen er helgemessegudstenesta i Ørsta kyrkje i 2025. Ørsta Minibrass tok kontakt med ynskje om å spele i kyrkja, noko som var svært gledeleg! Dei tok del på både salmar og eigne solistiske innslag i gudstenesta. Eit flott samarbeid med kulturskulen og ikkje minst gruppa Ørsta Minibrass.



Babysong: Sjå kyrkjeleg undervisning og læring.

Korverksemd:

Ørsta kyrkjekor:

Koret har stor betydning for gudstenestelivet og kyrkjelyden i Ørsta og er eit kor som verkeleg står på og vil mykje! Dei tek del på mange gudstenester og andre arrangement i løpet av året og gjer eit svært viktig arbeid. Ein må også nemne at Ørsta kyrkjekor arrangerer kveldsbøner, konsertar, salmekveldar og liknande noko som er svært positivt for musikk og kulturlivet i Ørsta sokn. Sjå eiga årsmelding for Ørsta kyrkjekor.

Barnekora GLØD og MiniGLØD:

Dirigentar: Marie A. Riise, Sigrid Nupen og Ingvil Håberg Velle.

Styret: Marie A. Riise (Styreleiar), Sigrid Nupen (styremedlem), Ingvil Velle (styremedlem) og Elisabeth Husebye Nilsen (styremedlem).

MiniGLØD: 4-6 år. GLØD: Frå 2.klasse og oppover.

Kora er tilknytt organisasjonen Ung kirkesang.

Øver på Ørsta bedehus: MiniGLØD torsdag kl.17.45-18.15,
GLØD torsdag kl. 18.30-19.30.



Barnekora GLØD og MiniGLØD er fortsatt ein stor suksess! I barnekoret GLØD var det i 2025 rundt 35 songarar i alderen 6-12 år. I MiniGLØD var det 30 songarar i alderen 4-6 år. Rekrutteringa for det minste koret går jamt og trutt og har stort sett alltid 7-10 songarar på venteliste. I GLØD er det per no inga venteliste. Hausten 2024 endra vi på vedtektene til koret: Frå hausten 2025 er koret MiniGLØD frå 4-6 år, medan GLØD er frå 2.klasse og oppover.

Våren 2025 hadde begge kora 13 øvingar kvar: til saman 26 øvingar.

Barnekora song på karnevalsgudsteneste i Ørsta kyrkje, familiegudsteneste palmesøndag i Ørsta kyrkje, vårofferdag på Ørsta bedehus, Hjørundfjord barnefestival og dei hadde eigen sommarkonsert med Bjarte Leithaug som vart eit svært flott arrangement og ei svært god oppleving for både born, dirigentar og publikum. På konserten hadde vi eit solid band og det vart leigd inn profesjonell lydteknikar og utstyr. Slike konsertar gir meirsmak og kanskje kan ein invitere med seg fleire lokale barnekor ved neste høve.

Hausten 2025 hadde begge kora 13 øvingar kvar: til saman 26 øvingar.

Barnekora song på 1.klassesgudsteneste, lysmesse og julegudsteneste. I tillegg song MiniGLØD på kyrkjelyden si misjonsmesse og på julegrantenning. GLØD var også med på eit prosjekt i samarbeid med Aasentunet og Viti/Folkemusikkarkivet: «Symra konsert: Ivar Aasen-viser» i høve Symra-jubileet (150 år sidan songboka Symra kom ut i 3.utgåve).

Her song GLØD 3 Aasen-tekster arrangert av Jorun Marie Kvernberg. Dette var eit flott samarbeid med lokale aktørar og barnekor.

Å drive store barnekor med mange born krev mykje tid og ressursar, både i planlegging og gjennomføring. Det er difor svært gledeleg at vi er tre dirigentar på nær alle korøvingane. Slik får både dirigentar og born ei god koroppleving. Koret er godt drive og har eigen økonomi. Takk til Elisabet Henanger Aarflot som fører rekneskap for koret. Takk til både dirigentar, styremedlem og foreldre for all tid de legg ned i dette viktige arbeidet!

Salmekveld i Ørsta kyrkje, vår 2025: «Salmekveld: Salmar som utfordrar!»

tysdag 18.mars 2025 gjennomførte vi salmekvelden «Salmekveld: Salmar som utfordrar!».

Salmekvelden var ein del av fastetidsprogrammet 2025. Fastetida er eit viktig høve til fordjuping, sjølvrefleksjon og ikkje minst å sjå utover vårt eige til verda og menneska rundt oss. Vi utforska spenstige tekster og fekk utfordra vårt «tradisjonelle» salmespråk. Her fekk vi synge salmar som utfordra oss til re-orientering og handling. Nokre av salmane var henta frå Norsk Salmebok men vi henta også fleire salmar frå andre kjelder: salmar av Ingrid Brækken

Melve, Erik Hillestad/Dagsland, Sindre Skeie, Iben Krogsdal og Ylva Eggerhorn for og nemne nokre diktarar og komponistar. Fleire av tekstene kunne kanskje opplevast som provoserande og syrlege. Mange opplevde salmekvelden som spanande og nytenkjande, og ikkje minst utfordrande i forhold til tekster, noko som også var meininga. Kristian Myklebust og kantor Marie A. Riise komponerte programmet, valde ut tekster/musikk og henta inn lokale krefter.

Salmekveld i Ørsta kyrkje, haust 2025: «No stig vår song!»

Salmekveld og feiring av Nynorsk Salmebok 100 år. Fredag 17.oktober kl.19.30 feira vi vår Nynorske Salmebok i Ørsta kyrkje. Per Halse leia kvelden og kantor Marie A. Riise hadde den musikalske regien. Det vart både solosong, korsong og flott allsong. Mellom salmane fortalde Per Halse om saga åt 100-åringen og kommenterte også salmane og songane som vart sungne. Det var ein svært flott kveld med mykje folk og gode lovord. Desse tok del: Ørsta kyrkjekor, Volda kyrkjekor, organist John Inge Bjøringsøy, kantor Marie A. Riise, solist Kirsten Ragnhild Grimstad og fløytist Ragnhild Engeset. Salmekvelden og jubileet var eit samarbeid mellom Ørsta sokneråd og Volda sokneråd. Søndag 19.oktober tok kora også del på felles festgudsteneste i Volda kyrkje. Ei ekstra takk til Per Halse som gjennom heile året 2025 heldt svært mange foredrag i høve 100 års jubileet for Nynorsk Salmebok og som er ein stor ressurs i kyrkjelyden!

Vi syng og spelar jula inn:

Det var god påmelding til den tradisjonsrike konserten «Vi syng og spelar jula inn» i Ørsta kyrkje. Og det vart ein særst flott konsert året 2025 med høg kvalitet på dei musikalske framføringane. I år hadde vi i hovudsak kor, korps og grupper på denne julekonserten. Det fungerte godt! Desse tok del i 2025: Ørsta kyrkjekor, Damekoret LYST, Ørsta skulekorps, Ø.B. Brass, Ørsta hornmusikk og Follestaddal hornmusikk.

Salmekveld: Salmar som utfordrar!

Vel møtt til ein salmekveld med uventa og spenstige salmar!

Ørsta kyrkjekor og Marie A. Riise
Kirsten Ragnhild Grimstad
Morten Bollerud
Leiv Arne Nydal
Kristian Myklebust

Ørsta kyrkje
torsdag 18.mars
kl. 1930
Gratis inngang. Kollekt



kyrkja.no/orsta DEN NORSKE KYRKJA
Ørsta sokn





Nytt lydanlegg og nye instrument:

Desember 2024 fekk Ørsta sokn ei gåve på 400.000,- frå Sparebanken Møre, gjennom deira kulturscene-midler. Gjennom vinter og vår 2025 har Ørsta sokneråd, kyrkjemusikarane, kyrkjeveverjen og andre tilsette jobba med å kjøpe nytt PA-anlegg til Ørsta kyrkje. Etter mykje arbeid og kartlegging, samt god hjelp frå lydteknikar Torgrim Skjærdal og Lydkjelleren fekk vi i august endeleg nytt høgtalarsystem på plass i Ørsta kyrkje. Flunkande nye høgtalarar, miksar, mikrofonar og mykje anna musikkutstyr er endeleg på plass. Og etter litt innkjøring kan vi no seie at lyden er svært god og tenleg. Det er verkeleg eit lyft for kyrkja vår og soknet! Det var svært gledeleg at den lokale bedrifta Rufo sponsa Ørsta sokn med eit rack. Tusen takk for den flotte gáva!

Vi rettar ein stor takk til Sparebanken Møre for den rause gáva. Takk også til Lydkjelleren for svært god hjelp undervegs og i etterkant. Omsider skal også lyden overførast til heimane i kommunen vår, men her møtte vi nokre utfordringar som gjorde at vi ikkje fekk på plass overføring av lyd med nytt system. Vi gler oss til dette er på plass i 2026 og at alle kan ta del i gudstenester og kyrkjelege handlingar, også frå aldersheimane. Det har også blitt kjøpt inn diverse trommeutstyr gjennom året 2025 og vi vonar at vi har på plass eit fullstending trommesett i byrjinga av 2026, til bruk i gudstenester og andre tilstellingar.

Gåve frå Sparebankstiftinga SMN:

Husten 2025 søkte kantor om støtte til ny orgelspelepult til Ørsta kyrkje. Det var svært gledeleg at denne søknaden blei innvilga og Ørsta sokn fekk tildelt 900.000,- . Dette gjer at vi i løpet av 2026 for alvor kan sette i gong prosessen med ny orgelspelepult. Ørsta sokn er heilt avhengige av å få inn gåvemidler for å realisere større prosjekt. Vi takkar audmjukt for den rause gáva frå Sparebankstiftinga SMN og gler oss til 2026!

Musikarar og andre som har teke del på gudstenester, konsertar og musikkandakter i Ørsta sokn 2025:

Vi vil rette ei stor takk til alle som har teke del på gudstenester, konsertar og liknande arrangement i Ørsta sokn.. Fleire av dykk har også vore med fleire gonger. De gjer alle ein svært viktig jobb. Tusen takk!